

Fra: Åse Aleheim (ase.aleheim@sveio.kommune.no)
Sendt: 12.06.2015 11:25:49
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi:

Emne: OFFENTLEG ETTERSYN - KOMMUNEDLEPLAN FOR KULTURMINNE I SVEIO
KOMMUNE
Vedlegg:

Plan- og næringsavdelinga

Postmottak Hordaland Fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2012001029-9/2015005615 Arkiv: N - 101.0 Dato: 12.06.2015

OFFENTLEG ETTERSYN - KOMMUNEDLEPLAN FOR KULTURMINNE I SVEIO KOMMUNE

Riksantikvaren har oppfordra alle kommunar til å utarbeida kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Kulturarven er eit felles gode som alle har ansvar for å ta vare på,. Den offentlege forvaltninga har eit spesielt ansvar for å sikra at nasjonale mål innan kulturminnevernet blir oppfylte. Det inneber ei forventning om at kommunar registrerer og verdset lokale kulturminne og kulturmiljø, og at dei blir tekne omsyn til i forvaltninga etter plan- og bygningslova.

I Sveio starta dette arbeidet opp i 2012. Kommunen har utarbeidd ein plan i samsvar med det vedtekne planprogrammet. Etter behandling i hovudutvala for teknisk/næring og oppvekst/kultur, og formannskapet, er det vedteke å leggje planforslaget ut til offentlig høyring, jfr. plan- og bygningslova § 11-14.

Føremålet med planen er å få ein betre oversikt over kulturminna i kommunen, og å sikra at eit representativt utval av kulturminne blir tekne vare på for ettertida. Det er òg eit viktig mål å skape forståing og interesse for kulturminne gjennom informasjon og formidling.

Frist for å senda inn merknader er 1. august 2015.

Planen finn ein på Sveio kommune si nettside www.sveio.kommune.no.
Eventuelle merknadar må sendast skriftleg til Sveio kommune, postboks 40, 5559 Sveio eller på e-post postmottak@sveio.kommune.no.

Med helsing

Åse Aleheim
Samfunnsplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.